

# GRAVFERD

## TID FOR AVSKIL

Alt har si tid – også sorga og døden. Om vi reagerer ulikt i møte med tapet, er det sams at dette er ei viktig tid for oss. For dei fleste av oss, er det også godt å få avskil med den vi har misst, ikkje berre privat, men i eit fellesskap. Dette får vi gjere i gravferda.

Gravferda møter mange behov hos den som sørgjer. Her får vi ta avskil med den døde på ein verdig og vakker måte. Minner, gode ord og meningsfulle symbolhandlingar får sin naturlege plass. Vi får stå saman i eit fellesskap i sorga og saknet. I ei kyrkjeleg gravferd vert vi også møtte av den trøysta og det håpet som berre Gud kan gje oss. Gravferda er såleis eit uttrykk for respekt for den vi har misst og ei hjelp for oss som lever att.

## FØREBUING AV GRAVFERD

Kyrkja ser på det som ei viktig, diakonal teneste å kunne vere til hjelp for sine medlemmer som er råka av sorg og tap. Vi vil såleis gjere det vi kan for å møte dei sørgjande på ein respektfull måte, med kyrkja sin bodskap og tenester. Dette skjer fyrst og fremst gjennom gravferda.

Når pårørande ønskjer kyrkjeleg gravferd for den ein har misst, tek ein kontakt med kyrkje-kontoret snarast råd etter dødsfallet. Dette kan ein gjere direkte eller gjennom eit gravferdsbyrå. Ein får då kontakt med presten som er ansvarleg for gravferda og sorgarbeidet, og med kyrkjevevja som har ansvar for kyrkjene og gravplassane.

Kyrkjevevja fastset i samråd med dei pårørande og prest tid og stad for gravferda. Presten tek straks kontakt med dei pårørande og avtalar tid for ein samtale. I denne samtalen snakkar ein om avdøde, dei som sit att sine behov i det som har råka dei og korleis ein skal leggje opp gravferda.

Dersom ein ønskjer bæreandakt før gravferda, kan familien ordne med dette sjølve og forme henne etter eige ønskje. Men dei kan også be presten halde denne etter kyrka si ordning. Bæreandakta kan haldast i heimen, i kapellet på sjukeheimen eller i bærerom ved kyrkja.

## GRAVFERDA

Gravferd etter kyrkja si ordning er ei kyrkjeleg handling av gudstenestleg karakter. Gjennom denne handlinga tek vi avskil med den døde og overgjev han/henne i Guds hender. Dette gjer vi innan rammer som uttrykkjer det grunnleggande i den kristne trua: at mennesket er Guds skapning og står ansvarleg overfor han, at Gud gjennom Jesu gjerning og trua på han tek oss inn i fellesskap med seg, at Gud ved Jesu død og oppstode gjev oss berging gjennom dommen og håpet om oppstode og evig liv.

Alt som vert sagt og gjort i kyrkja skal såleis uttrykkje denne karakteren ved handlinga. Alle medverkande ser til dette, men presten har det heilskapelege ansvaret for gravferda som kyrkjeleg handling.

- **Tilstelling/pynting i kyrkja** vert gjort av pårørande eller gravferdsbyrå i samråd med kyrkjetenar. Avgjerslemynde ligg hos presten. Pyntinga skal understreka kyrkjerommet sin liturgiske karakter, og det skal synast måtehald i bruk av lys, blommar og liknande. Tilstellinga skal vere avslutta seinast 45 min før gravferda.

- **Frammøte i kyrkja** bør skje i rimeleg, god tid, slik at dei næraste kan få litt tid saman ved båra før gravferda tek til. Det vil då også vere høve til kontakt med prest og kantor, om det er trong for det. Kantor preluderar (spelar musikk) før siste innringing med kyrkjeklokkene. I dei kyrkjene der det er lysglobe, er ein velkomen til å tenne lys før gravferda tek til.
- **Song og musikk.** Samsongar vert henta frå kyrkja sin salme/songtradisjon. Ved solosong står ein noko friare, særleg når songen er knytt til minneorda. Men også solosongen, til liks med instrumentalmusikken, skal vere tilpassa handlinga sin gudstenestlege karakter. Vi nyttar ikkje innspela musikk i kyrkja. Songen og musikken skal godkjennast på førehand av prest og kantor. For å kome fram til gode song- og musikkval, bør ein såleis drøfte dette med dei kyrkjeleg ansvarlege i god tid før gravferda. Ein kan lage eit eige programhefte med songane og musikken. Men ein kan og nytte salmebok.
- **Minneord og symbolhandlingar.** Minneorda kan framførast av ein representant for dei pårørande eller av presten. Dei bør innehalde nokre biografiske moment med særleg vekt på det den døde har hatt å seie for dei som stod han/henne nær, og for andre livssamanhengar der han/ho har vore verksam. Så kan det følgje korte helsingar, pålegging av blomar og eventuelt andre minnehendingar, som opplesing, musikk, lystenning o.a. Både minneord, helsingar og symbolhandlingar skal ha eit avgrensa omfang. Dei kan berre framførast etter avtale med presten og den pårørande som er ansvarleg for gravferda. Meir utførlege helsingar og minnehendingar, som t.d. syning av bilete og framføring av musikk knytt til avdøde, høver gjerne ved eit minnesamvær.
- **Skriftlesing og forkynning.** Skriftlesingane ved gravferda er henta frå eit utval som ligg i gravferdsordninga. Men dei pårørande kan gjerne kome med ønskje om skriftord som skal lesast eller forkynnast over, grunna dei er kjende og kjære for avdøde eller familien. Dette vert avtala med presten i sørgjesamtalen.
- **Jordpåkasting og senking.** Båra vert boren til gravplassen av pårørande. Her finn jordpåkastinga stad, før kista vert senka heilt ned i grava. Senkinga vert utført med tog, av nokre av dei som ber. På Fusa kan ein og nytte senkeapparat. Etter siste songen ved grava forlet presten gravplassen, som eit teikn på at den offentlege delen av gravferda er slutt. Dei pårørande nyttar den tida ved grava som dei treng.